



Radøy kommune  
v/Grete A. Herøy

## Tilskot til kommunale kompetanse- og innovasjonstiltak i helse- og omsorgstenestene 2018

Fylkesmannen i Hordaland viser til e-post med utlysingsbrev dagsett 14. februar 2018, samt kommunen sin søknad av 21.03.2018.

Tilskotet skal stimulere kommunane til kompetanseutvikling og innovasjon for å møte framtidens utfordringar på helse- og omsorgsfeltet med berekraftige og gode tiltak og tenester.

I tildelinga vår har vi mellom anna lagt vekt på vidareføring av eksisterande prosjekt/tiltak, prioriteringar og regelverk for ordninga, lokale behov og kommunanes eigen prioritering. Vi vil gjere merksam på at det ikkje blir gitt tilskot til inventar/utstyr i høve innovasjons søknader.

### Tildeling av tilskot for 2018

Kompetansetiltak	Kr 740 000
BPA	0
Innovasjon	0
Sum til utbetaling	Kr 740 000

Sjå vedlagte excel-skjema for utfyllande informasjon.

### Reglar for klagebehandling

Tildeling av tilskot under ordninga er ikkje eit enkeltvedtak, og det er difor ikkje klagerett, jfr. forvaltningslova § 28.

### Utbetaling av tilskotet og krav til stadfesting

Tilskotet vert først utbetalt når Fylkesmannen i Hordaland har fått tilbake utfylt stadfestingsskjema, sjå vedlegg.

Fyll ut og send vedlagte stadfesting til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) snarast.

### Vilkår

Tilskotsmidlane er gitt til dei formål som går fram av dette brevet og må disponerast slik deier tildelt. Tilskotet kan som hovudregel ikkje omdisponerast eller brukast til andre formål enn

det som det er søkt om. Ei eventuell omdisponering kan berre skje etter søknad til Fylkesmannen.

Tilskotet skal nyttast dette budsjett- og kalenderåret, jamfør det statlege løyvingsreglementet. Dersom midlane ikkje kan nyttast etter føresetnadene, skal dei betalast tilbake til Fylkesmannen i Hordaland, eventuelt søkjast overført til neste års budsjett.

Rekneskapen for tilskotet skal først separat, skilt frå den kommunale rekneskapen, for eksempel med eige prosjektnummer. Det skal gå fram kva utgifter tilskotet er brukt til.

### **Kontroll av tilskotsmottakarar og dokumentasjon**

Riksrevisjonen og Fylkesmannen har høve til å kontrollere at midlane blir brukt etter føresetnadane, jamfør § 10 andre ledd i det statlege løyvingsreglementet.

Det er eit krav at rekneskapsdata og dokumentasjon av dei faktiske opplysningane som ligg til grunn for tilskotet, skal oppbevarast for eventuell kontroll i minimum fem år frå det tidspunktet tilskotsbrevet blei mottatt.

### **Krav til rapportering på at mål er nådd:**

Bruk av det statlege tilskotet skal rapporterast. Rapportane skal sendast oss elektronisk, og rapporteringsskjema finns på våre nettsider. To rapporteringsskjema skal fyllast ut, eit skjema for hele tilskotet og eit excel-ark som omhandlar rapportering på kompetansemidlar.

Rapporteringa skal innehalde

- Rekneskap per 31.12.2018
- For innovasjonsprosjekt er det krav til rapport på at mål er nådd, sjå rapporteringsskjema
- Frå 2018 er det stilt krav om revisorkontroll ved eit samla tilskotsbeløp over 200 000 kroner for kompetansetiltak, BPA og innovasjonsprosjekt.

**Frist for rapportering er 01.04.2019.** E-post: [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no)

### **Ytterlegare krav til rapportering:**

Forskningsrapportar og anna dokumentasjon frå innovasjonsprosjekt under denne tilskotsordninga skal sendast:

Senter for Omsorgsforskning, Høgskolen i Gjøvik, Postboks 191, 2802 Gjøvik

E-post: [postmottak@hig.no](mailto:postmottak@hig.no)

Med helsing

Sjur Lehmann  
ass.fylkeslege/seksjonsleiar

Marta Havre  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg:  
Tilskotsoversikt  
Stadfesting